



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **2. februar til 8. februar**



Ukedag 01. Måned - 00:00 - Tittel - Lokasjon

Denne måndagen er det Bok og strikk i biblioteket sin filial på Hillestveit skule. Kom for sosialt samvær, ta med strikk eller anna handarbeid og få ein kopp kaffi av Anne Grete. Ho vil også ha formidling av bøker.



Tysdag 3. Kl. 10.00 - Seniortur - Sølvrusto

Bømlo turlag inviterer på tur til Sølvrusto. Enkel tur som ikkje krev spesielle ferdigheiter. Start og oppmøte ved Svortland skule kl 10.00.
Kontaktperson: Alf Kr. Selle, tlf 951 65 853



Onsdag 4. Kl. 10.00 - Jenter på tur - Steinsvåg - Hovda

Tur i regi av Bømlo frivilligsentral. Oppmøte og start ved Røde kors huset kl 10.00



Torsdag 5. Kl. 15.00 - Symjing/trim - Bømlo symjehall

Symjing/trim i alle banane i 25 m bassenget. Målgruppa er dei som ynskjer å trena/mosjonera. Kan også symja i opplæringsbassenget, som held 32 grader.
Bill.pris kr 75



Laurdag 7. Kl. 20.00 - Vestavind tolkar Bjørn Afzelius - Bømlo kulturhus

Vestavind har hatt Afzelius med seg på scena i over 40 år, og held fram med å tolke hans budskap med varme, kraft og respekt. Denne kvelden vil dei ta for seg mange av hans tidlause melodiar og gje ein liten historie rundt tekstane.
Bill. pris kr 320

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Svindlarar kan ringe for å lure deg

Nokon ringer og gir seg ut for å vere frå banken, Økokrim eller politiet. Målet deira er å få deg til å dele sensitiv informasjon som BankID, passord eller kodar. Dersom du gir dei dette, kan dei stele pengane dine.

Ver merksam på:

- Telefonsamtalar frå personar som seier dei er frå banken, Økokrim eller politiet
- Ukjende telefonnummer - eller kjende nummer som kan vere forfalska
- Samtalar der nokon pressar deg til å handle raskt eller prøvar å stresse deg

Slik går svindlarane fram:

- Dei seier at det er oppdaga «mistenkjeleg aktivitet» på kontoen eller kortet ditt, eller at kontoen din er sperra
- Dei ber om sensitiv informasjon for å «hjelpе deg». Dersom du deler dette, kan dei stele pengane dine.

Slik beskyttar du deg mot telefonsvindel:

1. **Legg på!** Du har alltid lov til å avbryte samtalen.
2. **Kontakt** banken eller politiet på nummeret du finn på deira offisielle nettside.
3. **Hugs:** Banken, politiet eller andre seriøse aktørar vil **aldri** be deg om BankID, passord eller kodar på telefon.

Lær deg meir sjølvforsvar mot svindel på www.svindel.no



Kontaktinformasjon
e-post: web@finansnorge.no

 **Finans Norge**